

Handlingsplan for internasjonalisering

i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

For perioden 2014 – 2017

Innhald

Punkt		Side
1	Innleiing og føringar	2
2	Hovudmål	2
3	Status per 31.12.2013	2
4	Sentrale utfordringar	3
5	Tiltak for å møte utfordringane	4
	5.1 Fylkesnivået	4
	5.2 Skulane	5
	5.3 Opplæring i bedrift	6
6	Oversikt over vedlegg	6

1. Innleiing og føringar

Ei satsing på internasjonalt arbeid som ein del av den vidaregåande opplæringa er framtidsretta. Ei auka globalisering fører til at elevane og lærlingar i større grad enn tidlegare må førebuast på samarbeid over landegrensene og på moglegheitene verda gjev som arbeidsplass. Norske arbeidsplassar har dei seinare åra merka ei auka arbeidsinnvandring, med dette er kulturelle skilnader blitt ein del av dagleglivet for mange. Arbeidsinnvandarane har blitt viktige ressursar for bedrifter og lokalsamfunn. Innvandringa utfordrar også den fleirkulturelle kompetansen i det offentlege tenestetilbodet.

Gjennom internasjonalt samarbeid får elevar og lærlingar ikkje berre fagleg utvikling, viktig lærdom ligg og i den generelle delen av læreplanen. Å vere imøtekommande og nyfiken både på eit anna land sin historie, kultur og menneske er ein noko som bidreg til å utvikle deltakarane som gangs menneske.

Statlege og fylkeskommunale styringsdokument gjev tydelege signal om at internasjonalisering skal vere er eit høgt prioritert felt i læringsarbeidetⁱ. Nasjonale føringar legg vekt på at det internasjonale perspektivet skal vere med i alt læringsarbeid. Omtale av den internasjonale vinklinga er med i dei fleste læreplanerⁱⁱ. Internasjonalisering er forankra i «God – Betre – Best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 til 2015».

Intensjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune sin internasjonale strategi (2014 til 2017) er:

- Fremje Sogn og Fjordane sine interesser på internasjonale arenaer
- Gjennom internasjonalt arbeid bidra til å løyse felles utfordringar som er definert i overordna planar og strategiar for Sogn og Fjordane
- Gje ungdom internasjonale kompetanse, kulturforståing og erfaring

Ungdom og vidaregåande opplæring er eit eige satsingsområde i strategidokumentet

2. Hovudmål

Hovudmåla for dei internasjonale aktivitetane i vidaregåande opplæring er:

- Auke elevar og lærlingar sin internasjonale kompetanse, kulturforståing og erfaring
- Auke kompetansen og involveringa frå skuleleiarar, lærarar og instruktørar
- Aktivt nytte ekstern prosjektfinansiering for internasjonale prosjekt
- Aktivt nytte lokale ressursar for internasjonale tiltak

Internasjonalisering i vidaregåande opplæring omfattar

- alle elevar og lærlingar på alle årssteg og i alle utdanningsprogram
- lærarar og instruktørar
- skuleleiarar

3. Status per 31.12.13

Alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane har, i varierende omfang, eit internasjonalt engasjement. Prosjekta varierer i type og omfang etter skulane sine eigne prioriteringar. Det er vektlagd at all aktivitet skal vere forankra i styringsdokumenta for vidaregåande opplæring, og at aktiviteten skal nyttast til å bygge opp under eigne prioriterte område. Hovudsakleg er aktiviteten på skulane retta mot Europa. Fem skular har samarbeid med land i sør. Fire opplæringskontor er involverte i utplassering av lærlingar.

Dei siste fem åra har den internasjonale aktiviteten innan fag- og yrkesopplæringa auka. Fylkesdirektøren for opplæring arbeider aktivt saman med skular og opplæringskontor i søknads og rapporteringsprosessen opp mot EU programmet Leonardo da Vinci (fagopplæring). Fylkesdirektøren koordinerer to store prosjekt, der skular samarbeider med kvarandre og opplæringskontor om arbeidspraksis for elevar og lærlingar, i tillegg til studieturar for lærarar og lærlingansvarlege. Særskilt

viktig har det vore å sende ut lærarar, skuleleiarar, instruktørar og fagleg ansvarlege slik at deira kunnskap og kompetanse vert auka. Dette prosjektet byrja som eit prøveprosjekt i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag. Prosjektet er no utvida til fleire utdanningsprogram og fire opplæringskontor

I perioden 2010 til 2013 fekk 1793 elevar og 68 lærlingar høve til å reise på arbeidspraksis / utdanningsopphald, utvekslingar, studieturar og ekskursjonar. Samstundes med at våre ungdommar får reise ut skal vi og ta imot og vere vertskap for elevar som kjem på besøk til oss. Dette gjev auka bevissthet på eigen kultur og opplæring, samt ikkje minst, rolla som vertskap. Vidaregåande skular og opplæringskontor har vore vertskap for omlag 452 elevar / lærlingar og 84 lærarar / instruktørar. På grunn av det høge kostnadsnivået i Noreg har fylkeskommunen gitt økonomisk støtte til ein del av desse besøka.

Attendemeldingar frå deltakarar og skular / opplæringskontor, som er involverte i internasjonale prosjekt, viser at deltakarane har stort fagleg og personleg utbytte av prosjekta. Skular og opplæringskontor nyttar prosjektdeltaking til å skape fagleg utvikling innan eigne prioriterte område. Fylkesdirektøren har fått sær gode attendemeldingar på organiseringa av arbeidet og gjennomføring av aktivitetane frå EU sitt program for Livslang Læring (LLP).

Samla sett har satsinga på internasjonalisering i den vidaregåande opplæringa vore ein suksess dei siste åra. Målet var å involvere fleire opplæringskontor og vidaregåande skular. Fylkesdirektøren skal gi støtte, hjelp og rådgjeving til vidaregåande skular og opplæringskontor i høve internasjonalt arbeid. Dette gjeld særskilt søknadsprosess, utforming, gjennomføring og rapportering av prosjekt. I tillegg får kommunar, lag og organisasjonar hjelp med ungdomsretta internasjonale prosjekt.

Finansiering

Sogn og Fjordane var i 2012 det fylket som fekk mest midlar per innbyggjar frå EU sitt program for Livslang Læring. Dette er midlar som vert nytta til aktivitet retta mot elevar, lærlingar, lærarar og lærlingansvarlege. Prosjekta skal vere praktisk retta og kunne vise til konkrete og målbare resultat. Ein detaljert oversikt over resultatata av kvantifiserbare data i undersøkinga ligg som vedlegg til saka. I vedlegget «*Samanlikning av stoda innan Internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2000 til 2013*» er detaljar for type prosjekt, finansiering, tal elevar og lærlingar, lærarar og instruktørar beskriveⁱⁱⁱ.

Dei vidaregåande skulane og opplæringskontora er heilt avhengige av ekstern finansiering for å kunne gjennomføre internasjonale prosjekt.

I hovudsak vert følgjande finansieringskjeldene nytta:

- EU programma Leonardo da Vinci, Comenius (begge er del av LLP) og Aktiv Ungdom;
- Nordisk Ministerråd sitt program Nordplus;
- Vennskap Nord Sør; Fredskorpset.

Desse programma fullfinansierer ikkje prosjekt og krev eigendel / finansiering frå andre kjelder. Personressursar vert hovudsakleg rekna som eigendel. Fredskorpset dekkjer ein del utgifter til lønn av personale.

Fylkeskommunen stiller med stønad til prosjekt som får hovudfinansieringa frå andre kjelder (sjå og punkt 5c om bruk av fylkeskommunale midlar).

4. Sentrale utfordringar

Hausten 2013 vart det gjennomført ei spørjeundersøking innan vidaregåande opplæring i fylket. Alle skular og fire opplæringskontor svarte på denne. Kvantifiserbare data er lagt som vedlegg til saka som ei samanlikning frå 2000 til 2013.

Utfordringane er identifiserte gjennom spørjegranskingar, samtalar og samlingar med dei ulike aktørane (skular og opplæringskontor). Punkta er ikkje i prioritert rekkefølge.

Dei største utfordringane er:

- særressurskrevjande å utvikle, finansiere, gjennomføre og rapportere prosjekt
- manglande legitimitet og prioritering hjå nokre skular og opplæringskontor
- manglande kunnskap om mogelegheiter som eksisterer
- manglande kompetanse og kapasitet hjå nokre skular og opplæringskontor
- krevjande å finne gode utanlandske samarbeidspartnarar
- prosjekta er ofte lite synlege for almenta, vanskeleg å få pressedekning
- finansiering av fagleg retta ekskursjonar for elevar, særskilt med omsyn til gratisprinsippet
- manglande tidsressurs til internasjonalt ansvarleg ved skulane. Innsatsen og arbeidet er framleis sterkt prega av å vere avhengig av idealisme blant einskildpersonar

5. Tiltak for å møte utfordringane

Det er eit noko ulikt syn mellom opplæringskontora / bedriftene og skulane på korleis fylkesdirektøren kan hjelpe til med å møte utfordringane. Fellespunkta er:

- a) Direkte hjelp med:
 - i. etablering av nettverk mellom skular/fagopplæring/bedrifter
 - ii. kompetansebygging lokalt
 - iii. informasjon om mogelegheiter
 - iv. prosjektarbeiding

- b) Løyvingar til
 - i. direkte prosjektstønad (delfinansiering)
 - ii. tilskot til studiereiser, hospitering og kontaktseminar

- c) Økonomi
 - i. fylkeskommunale bidrag skal vere innanfor den økonomiske ramma for budsjett og økonomiplanperioden 2014- 2017.

5.1 Tiltak – fylkesnivået

Tiltak punkt	Omtale	Ansvar	Når
5.1.1	<p>Auka legitimitet og prioritering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - rettleingsmaterieil for internasjonal prosjektutvikling - marknadsføre verdien av internasjonalisering mot elevar, lærarar, lærlingar, lærlingansvarlege, bedrifter og samfunnet generelt <ul style="list-style-type: none"> o omtale på heimesida til fylkeskommunen o presentasjonar av prosjekt på lærlingsamlingar, yrkesmesser, fagnettverk og andre fora - klar og tydeleg satsing på internasjonalisering i fagopplæringa <ul style="list-style-type: none"> o prioritere fagopplæring i løyvingar o skrive søknad og rapportere til Erasmus + for prosjekt som omhandlar arbeidsutplasseringar for elevar og lærlingar o koordinering av prosjekt retta mot arbeidsutplasseringar o auke tal fagretningar som er involverte - ungdoms/opplæringsperspektiv skal vere med i alt internasjonaliseringsarbeid 	Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg
5.1.2	<p>Tilgjengeleg informasjon og rettleiing på heimesida til fylkeskommunen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - opplysningar om instansar ein kan søke midlar frå - informasjon om fylkeskommunale standardar for; <ul style="list-style-type: none"> o førebuing o gjennomføring o evaluering /sluttpresentasjonar o dokumentasjon o kvalitetssikring - mal og internkontroll for arbeidet. 	Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg

	<ul style="list-style-type: none"> ○ korleis nytte erfaringane frå dei som har reist ut ○ ung til ung formidling - betre marknadsføring av / informasjon om internasjonale prosjekt - internasjonal erfaringskonferanse i Sogn og Fjordane, for skular og opplæringsontor 		
5.1.3	<p>Auke kompetanse og kapasitet hjå internasjonalt ansvarlege:</p> <ul style="list-style-type: none"> - nytte fagnettverka som arena for også å drøfte internasjonalt samarbeid. - årlege nettverksmøter for internasjonalt ansvarleg, lærarar, faglege instruktørar og opplæringskontor. - tilby opplæring / hjelp til å skrive gode søknader til aktuelle finansieringskjelder - hospiteringsordninga for lærarar og faglege instruktørar må utvidast til også å gjelde internasjonale opphald - tilby studietur kvart 3 år koplå mot prioriterte tema/geografiske område 	Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg
5.1.4	<p>Lokal tilleggsfinansiering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - delfinansiering av utvekslingar som har ekstern finansiering - delfinansiering av kurs og førebuande besøk - prioriteringar som styrer aktiviteten i ynskt retning - auka samarbeid mellom skular, opplæringskontor og næringsliv 	Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg
5.1.5	<p>Innovasjonsstimulans – nye former for prosjektsamarbeid, som nyttar dei utvida moglegheitene ERASMUS + programmet / EØS samarbeid tilbyr , skal prioriterast høgt i fylkeskommunale løyvingar av midlar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - nytte skular i utlandet for kompetansebygging innan program som Sogn og Fjordane ikkje har tilbod om - vektlegging av samarbeid opplæringskontora imellom og mellom opplæringskontor og skular - utvide tal fagretningar som arbeider internasjonalt 	Fylkesdirektør for opplæring	
5.1.6	<p>Hjelpe skular og opplæringskontor i å målrette og vidareutvikle sine samarbeid om internasjonalisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - alle typar samarbeid, både europeiske og Nord Sør - oppmode om at skulane nyttar lokale ressursar som i eigne arrangement og tiltak. Til dømes lærlingar, elevar og medarbeidarar som har vore ute på opphald eller kjem frå andre land. Asyl- og flykting -mottak kan og vere ein viktig ressurs. 	Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg

5.2 Tiltak – skulane

Tiltak	Omtale	Ansvar	Når
5.2.1	<p>Styrke og målrette arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - peike ut skuleansvarleg - auke samarbeidet mellom skular og opplæringskontor / næringsliv 	Rektor	Kontinuerleg
5.2.2	<p>Utteksling elevar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - informasjon om aktuelle finansieringsordningar - nytte utvekslingsordningar som ERASMUS + gjev 	Rektor	Kontinuerleg
5.2.3	<p>Kompetanseheving leiarar, skuleansvarlege, lærarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - informere om kurs, utveksling, stipend - delta på konferansar, studieturar og fora for kontaktknyting - legge tilrette for hospitering hjå internasjonale partnarar 	Rektor Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg
5.2.4	<p>Internasjonalisering i vanleg læringsarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> - marknadsføre verdien av internasjonalisering (publisere rapportar, pressekontakt, utstillingar, erfaringsdeling i organisasjonen) - internasjonal dag /veke - rette skulen sine utvekslingssamarbeid inn etter dei eksterne finansierings programma^{iv} sine krav til prosjektkvalitet for å betre nytte moglegheitene desse gjev - nytte lokale internasjonale ressursar i arrangement. - målretta bruk av e-twinning som samarbeidsmåte 	Rektor	Kontinuerleg

	- etablere kontakt med samarbeidsskular i relevante land		
--	--	--	--

5.3 Tiltak - opplæring i bedrift

Tiltak punkt	Omtale	Ansvar	Når
5.3.1	Styrke og målrette arbeidet: - auke samarbeidet mellom skular og opplæringskontor / næringsliv	Opplæring skontor / bedriftene	Kontinuerleg
5.3.2	Utvexsling av lærlingar og instruktørar - informasjon om aktuelle finansieringskjelder - delta i samarbeidsprosjekt koordinert av fylkesdirektør for opplæring	Fylkesdirektør for opplæring	Kontinuerleg
5.3.3	Kompetanseheving av ansvarleg bedriftsopplæring, instruktørar: - informasjon om kurs, utvexsling, stipend - delta på konferansar, studieturar, fora for kontaktknyting	Fylkesdirektør for opplæring Opplæring skontor / bedriftene	Kontinuerleg

6. Vedlegg

ⁱ Vedlegg 1 - "Planføresetnader for Internasjonalisering"

ⁱⁱ Vedlegg 2 - "Internasjonalisering i læreplanar"

ⁱⁱⁱ Vedlegg 3 - Samanlikning av stoda innan Internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2000 til 2013 (basert på spørjeundersøkingar i 2003, 2006, 2010 og 2013)

^{iv} Eksterne finansieringsprogram er for eksempel: ERASMUS +; EØS programma; Nordplus; Troll; Vennskap Nord Sør; Fredskorpset. Relevante nettsider er:

ERASMUS + <http://siu.no/>

EØS programma: <http://eeagrants.org/>

E-Twinning: <http://www.etwinning.net/no>

Fredskorpset: <http://www.fredskorpset.no>

Nordplus: <http://www.nordplusonline.org>

Troll; <http://www.fivai.no/trollstipend.aspx>

Vennskap Nord Sør: <http://vennskap.no/>